

Notat

Dato: 23.08.2017
Arkivsak: 2017/4923-2
Saksbehandlar: hanalve

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesordførar

Kollektivreiser for frivillige under Sykkel-VM

Bergen 2017 har vendt seg til Hordaland fylkeskommune med spørsmål om støtte til å dekke kollektivreiser for dei frivillige under Sykkel-VM.

Sykkel-VM er ei av verdas største idrettshendingar, og mange frivillige er heilt naudsynt for å sikre eit vellukka arrangement. Hordaland fylkeskommune er med som arrangør, og det er viktig for politisk leiing i fylkeskommunen å støtte opp under det viktige arbeidet som vert gjort ved hjelp av frivillige. Dei som jobbar frivillig vil til dels ha eit stort reisebehov i perioden under Sykkel-VM, og fylkesordføraren ønsker derfor at ein skal vere med på å legge til rette for at dei skal kunne nytte kollektive transportmiddel.

Skyss tilbyr ein eigen 10-dagars VM-billett som vil gjelde under heile VM-arrangementet. Prisen på billetten er sett til kr 500. Fylkesordførar ber om at Fylkesutvalet stør Bergen 2017 sin førespurnad, ved å tilby Bergen 2017 VM-billett for dei frivillige til halv pris. Ein tar utgangspunkt i at omkring 1500 frivillige vil vere omfatta av denne ordninga, inntektsbortfallet for Hordaland fylkeskommune ved Skyss vil såleise bli på 375 000 kroner for desse billettane. Fylkesordførar tilrår at dette vert dekkja inn over Fylkesutvalet sin rådveldekonto.

Skyss vert beden om å legge til rette for ei god praktisk løysing saman med Bergen 2017.